



# Kyrkjebladet

for  
**BYGLAND**

Nr 2

Sommar 2023

80. årgang



Sommarmorgen mot Frøyrafjorden. Foto: Olav Nilsen.

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt .....	s. 2
Kyrkjevealet .....	s. 3-6
Årets konfirmantar .....	s. 7-8
Ukrainakveld på Vonheim bedehus.....	s. 9-10
Med gamlerådmannen til Georgia .....	s. 11-12
Konsert med The Browns .....	s. 13
Gudstenesteliste, ætt skal fylgia ættarrad, andaktar på Byglandsheimen, konsertar Bygland kyrkje .....	s. 14
Kontaktinformasjon, friluftsgudsteneste Austadneset, Bygland bibel og naturcamp.....	s. 15

# Velsigninga

*Au sokneprest Kjell Steinbru*

**Det som avsluttar alle gudstenester i vår kyrkje, er velsigninga. Den nyttast i kyrkjer over heile verda. Denne treledda del av gudstenesta finn vi i bibelen, i 4. Mosebok 6,24. Den vert gjerne kalla den aronittiske velsigninga.**

Det var nemleg Moses sin bror, Aron, som skulle seie fram denne velsigninga til Israelsfolket. Moses sjølv meinte at han var ikkje i stand til å halde talar. Dette er det som Moses sa til Herren: «Høyr, Herre! Eg har aldri vore ein mann av ord, korkje før eller no, etter at du byrja å tala til tenaren din. Sein er min munn, og sein er mi tunga.»

Det gjekk så langt at Moses bad Herren sende ein annan. Men då han sa det, vart Gud brennande harm på Moses. Det ende med at Moses fekk bror sin, Aron, til å tale i staden for han sjølv.

Den aronittiske velsigninga finn vi i 4. Mosebok 6,22 og følgjande vers:

*Herren sa til Moses: Tal til Aron og sønene hans og sei: Slik skal de velsigna israelittane. De skal seia til dei:*

*Herren velsigne deg og vare deg!*

*Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!*

*Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!*

Men kva er så ei velsigning? Den første gangen vi støyter på ordet velsigning i Bibelen er da Gud skapte verda. Da velsigna han skaparverket sitt. Og det siste Gud skapte, det var mennesket. I sitt bilet, i Guds bilet, skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei. Og Gud velsigna dei.

Sidan kjem det mange stader der velsigninga dukkar opp. Og det handlar faktisk ikkje berre om Gud som velsignar menneske, men også at menneske med ei særskild stilling velsignar dei som er peika ut til særskilde oppgåver.

Spesiell er forteljinga om Jakob som lurer til seg velsigninga frå far sin Isak frå sin eldre bror Esau. Det var Esau som var utpekt til å ta over etter Isak. Men Jakob lurte far sin, slik at han fekk velsigninga. Ei slik velsigning skulle gi den som fekk den utrustning til å vere leiar for folket.

Når eg er på besøk hos sjuke og også hos døyande har eg for vane å legge handa mi på skuldra deira og seie fram velsigninga. Fleire gonger har den som har vorte velsigna sagt at dei kjende at dei vart fylt med ei kraft da dei vart velsigna.

Og er ikkje det akkurat det som Jesus lova oss? -De skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, sa han før han vart teken opp til himmelen.

Paulus vitnar om dette med kraft frå Gud da han i Filipparbrevet skriv: Eg kjenner han (Jesus) og krafta av hans oppstode.

Når vi opnar oss for velsigninga, vil vi kjenne på eit guddommeleg nærvær. Eit guddommeleg lys frå Han som sa: «Eg er lyset i verda. Den som følger meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» «Herren la sitt andlet lysa over deg», står det jo i velsigninga.

Og så står det til sist i velsigninga om fred: «Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!» Det er også noko Jesus vil gje oss. I ein tale midt i Johannesevangeliet (14,27) seier Jesus: «Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!»

Denne freden syng vi om i salmen Deilig er jorden: Fred over jorden, står det i ei strofe. Den strofa er henta frå sjølvaste englesongen på Betlehemsmarkene da Jesus vart fødd. Den lød soleis: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Men Jesus seier her at det handlar ikkje om ein fred som høyrer denne verda til. Det er ein guddommeleg fred, ein fred som er heilt annleis. Ein fred som overgår alt anna. Det er denne freden Paulus skriv om i Filipparbrevet: «Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.»

Ein evig fred med Gud er det som det er tale om, ein fred som skal vere med oss i dette livet, gjennom død og dom og like inn i evigheita.

Når presten lyser velsigninga i ei gudsteneste seier ikkje han eller ho: lat oss høyre på Herrens velsigning. Nei, det er noko heilt anna, nemleg: Ta imot Herrens velsigning!

Så er velsigninga ikkje noko vi høyrer på, men noko som vi tek imot. Vi tek imot ho og let ho bli ei kraft i våre liv til å møte kvardagen med alle sine utfordringar. Vi skal få kraft til å leve våre liv med Jesus, og kjenne oss, ja, velsigna av Gud!

# Årets kyrkjeval

## Tekst: Olav Nilsen og bispedømekontoret

Samstundes med kommunevalet er det kyrkeval i Bygland og Årdal sokn.

Kyrjevalet vert gjennomført slik:

Førehandstemming: Dette kan du gjera i kommunehuset på Bygland i perioden 10.08.2023 – 08.09.2023 mellom klokka 10.00 – 14.00.

Kyrkevalet følgjer kommunens valdagar:

Sundag 10.09.2023 mellom klokka 14.00 – 18.00

Måndag 11.09.2023 mellom klokka 12.00 – 20.00

Det er to vallokale: Bygland kommunehus og Byglandsfjord oppvekstsenter.

Listeforslag til Bygland og Årdal sokneråd 2023:

1. Ann Cecilie Andersen, sosialpedagogisk rådgjevar, Bygland
2. Gro Tove Frafjord Sandnes, sjølvstendig næringsdrivande, Sandnes
3. Tor Austad Bjørgum, maskinentreprenør og bonde, Austad
4. Øivind Aakhus, Bonde/sjølvstendig næringsdrivande, Bygland
5. Susanne Hegenscheidt, konsulent/SoMe-redaktør, Åraksbø
6. Christina Ahlsrød Besteland, sjukepleiar, Langeid
7. Astrid Carlsen, badevakt, Jordalsbø
8. Solfrid Vestrom, kjøkkensjef, Grendi
9. Even Simensen, sakshandsamar, Bygland
10. Henny Nordbø, lærar, Lauvdal
11. Liv Sigrun Upsal, pedagogisk leiar, Byglandsfjord

Nominasjonskomiteen har bestått av Ånund Eldhuset, Kari Aud Bakke Svenningsen og Guro Kvaale Skibsrud.

Det er også høve til å stemme på kandidatar til Bispedømerådet og Kyrkjerådet, sjå informasjonen nedanfor frå bispedømekontoret.

### Kirkevalget – fire lister til bispedømmerådet og Kirkemøte

Til kirkevalget 10. og 11. september er det fire valglister til bispedømmeråd og Kirkemøte: Bønnelista, Frimodig kirke, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke. Men hva står hver liste for, og hvem kan du stemme på?

Det skal velges syv personer, pluss vara. I tillegg velger prestene én kandidat og lek kirkelig tilslatt én kandidat. Biskopen har fast sete i bispedømmerådet.

### Bønnelista

Bønnelista vil videreføre den kristne tro og tradisjon som Den norske kirke har vært tuftet på siden reformasjonen. Bibel og bekjennelse – er og skal være kirkens grunnlag. Den norske kirke skal være en del av Guds synlige kirke på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og ha lokalstyrte menigheter med ledere, som lar seg lede av Den hellige Ånd.

Bønnelista i Agder- og Telemark ber om at Guds gode vilje og vei skal fremmes i saksbehandling og i alt arbeid til glede og til vekst for kirkens arbeid og for menighetene våre. Vi ber om godt samarbeid gruppene imellom i Bispedømmerådet. Vi ønsker en fornyet kirke med medlemmer som har Jesus til Herre, og som søker Gud i bønn og tilbedelse.

Nettside: [www.bonnlista.no](http://www.bonnlista.no)

Kandidater:

1. HÅKON KOLSTAD VARHAUG
2. MARTIN BIRKEDAL
3. Oskar Langevei
4. Ruth Rosland Nordstrand
5. Jorunn Kristine Myklevoll
6. Arild Gulbrandsen
7. Elisabeth Hyldmo Landsverk

### **Frimodig kirke**

Frimodig kirke ønsker en kirke som er trofast mot Guds ord, åpen og evangeliserende. Målet er å nå dagens mennesker med evangeliet og utruste til å følge Jesus i hverdagen. Kirken blir bygget ned-enfra og gudstjenestene er pulsslaget. Vi vil gi den lokale menighet større ansvar, redusere sentralstyring og byråkratisering og gi rom for menigheter med ulik profil. Vi vil stimulere til levende felleskap med nærhet til Jesus og nærhet til mennesker. Vi ønsker å styrke arbeidet med søndagsskole og trosopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil bidra til å trygge og sunne rammer for barn og unge i en grenseløs tid. Når det gjelder styringen av kirken, ønsker Frimodig kirke å endre valgordningen i kirken bort fra et polarisert partisystem.

Nettside: [www.frimodigkirke.no](http://www.frimodigkirke.no)

Kandidater:

1. ANDREAS HOLM, BIBELSKOLELÆRER, GRIMSTAD
2. NARVE FURNES, DAGLIG LEDER, NOTODDEN
3. Anne-Lene Refsum, uføretrygdet, Bø i Telemark
4. Rønnaug Torvik, pensjonist, Bykle
5. Ravn Karsrud, pensjonist, Arendal
6. Olaug Vedvik Torset, pensjonist, Kristiansand
7. Åse Linn Vålandsmyr Holen, sykepleier, Froland
8. Torgeir Heldal, lærer, Grimstad
9. Inger Kvestad, pensjonist, Lillesand
10. Jakob Mushom, ungdomsarbeider, Kristiansand

### **Nominasjonskomitéens liste**

Nominasjonskomitéens liste er en ikke-politisk liste sammensatt av representanter som er foreslått fra menighetene i bispedømmet og den er satt sammen av en nominasjonskomité bestående av representanter fra hvert prosti.

Lista består av 9 kvinner og 6 menn. Regionene i bispedømmet er alle representert på lista.

Kandidatene har selv skrevet om sitt engasjement for å stille til valg og her følger noen av sakene som går igjen hos flere (tilfeldig rekkefølge):

- vil være en kirke for alle
- fellesskap og åpenhet skal gjenkjenne kirka
- alle aldre er like viktige, tilbudet må tilpasses
- lokalt engasjert, kirka skal drives nedenfra
- økonomi

- skape møteplasser
- frivilligheten
- bedre samarbeid på tvers av menigheter og kommuner
- få en organisasjonsstruktur som har fokuset rettet mot menighetene
- være en kirke med Jesus i sentrum

Med bakgrunn i punktene fra kandidatene kan vi oppsummere med å si at alle kandidatene har et brennende hjerte for sin menighet og det arbeidet som skjer lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Nettside: <https://nominasjonskomiteen.no>

Kandidater:

1. Vidar Øvland
2. Anne Hansen Vartdal
3. Erik Lunde
4. Tora Skjerkholt Aarnes
5. Anny Cecilie Suan Wehus
6. Anne Marit Sørby
7. Markus Westermoen
8. Turid Torland Håland
9. Simon Psyke Holmebakken
10. Sissel Marthinsen
11. Randi Sofie Hagen
12. Astrid Bøe Grøtteland
13. Tore Thomassen
14. Grethe Ingeborg Vestby
15. Håkon Gunnar Lindeberg

### Åpen folkekirke

**ÅPEN:** Siden starten i 2014 har Åpen folkekirke bidratt til at Den norske kirke har blitt mer åpen for et mangfold av mennesker med ulike livserfaringer. I perioden 2023-2027 vil vi videreutvikle Den norske kirke som en åpen, inkluderende og demokratisk folkekirke.

Kirken skal være åpen for alle og fremme menneskeverdet. Åpen Folkekirke er en garantist for at arbeidet mot diskriminering fortsetter i Den norske kirke. Kirkedørene skal være åpne flere dager i året for alle som ønsker å bruke tid i kirkerommet.

**FOLK:** Alle mennesker skal kunne kjenne seg velkomne, bli sett og bekreftet. Kirken har ikke A- og B-medlemmer – dåpen er eneste medlemskriterium. I kirken skal hele livet kunne leves og alle skal få rom og hjelp til å finne seg selv og være seg selv. Kirken skal være tydelig og til stede i lokalmiljøene i Agder og Telemark, og et naturlig sted å komme til for alle.

I en tid hvor vi opplever krig, uro, polarisering og nasjonale kriser i flere land, må Den norske kirke stå opp mot urett, ta ansvar for skaperverket og fremme menneskeverdet.

**KIRKE:** Åpen folkekirke vil arbeide for å styrke folks tilhørighet til kirken, slik at den kristne troen holdes levende og får betydning for den enkelte. Vi vil tilrettelegge for gode møteplasser og bidra til å styrke religionsdialogen.

Kirken må inspirere til engasjement for skaperverket, mot sosial urettferdighet og for solidaritet med fattige og forfulgte. Den må også bruke sin posisjon til å løfte samfunnsdebatter som inkluderer flere og som bidrar til et livsynsåpent samfunn.

Nettside: <https://apenfolkekirke.org>

Kandidater:

1. TERJE DAMMAN
2. STINE MONDAL LJOSTAD
3. Geir Jørgen Bekkevold
4. Odd-Inge Rønning Uleberg
5. Naja Amanda Lyng Mørertrø
6. Emma Li Hu Humlegård
7. Kristen Bjormyr
8. Per Gunnar Disch
9. Ragnhild Filippa Sirnes Kydland
10. Lene Tønnessen
11. Solveig Botnen Eide
12. Erik Øystein Dale
13. Gunhild Maria Hugdal
14. Nina Meling Haugen
15. Dag Øyulf Vige



Frå kyrkjevaltet i 2015, frå venstre Tone Simonstad Knutsen, Ingebjørg H. Lidtveit og Olav Arnfinn Arneberg.

# Årets konfirmantar

Tekst og foto: Frode Eikrem



Konfirmasjon Austad kyrkje  
Tveit laurdag 20. mai.

Frå venstre sokneprest Frode Eikrem, konfirmant Nora Besteland og trusopplærar Malin Hegenscheidt



Konfirmasjon Bygland kyrkje  
sundag 28. mai.

Bak frå venstre sokneprest Frode Eikrem og trusopplærar Malin Hegenscheidt.

Framme frå venstre: Konfirmantane Tore Ivar Skjeggedal og Trym Kvaale Haugaa.



**Konfirmasjon Sandnes kyrkje  
Åraksbø sundag 21. mai**

Frå venstre sokneprest Frode Eikrem, konfirmant Bjørn Ivar Sundt Kolbu og trusopplærar Malin Hegenscheidt



**Konfirmasjon Årdal kyrkje sun-dag 28. mai.**

Bak frå venstre: Sokneprest Frode Eikrem og trusopplærar Malin Hegenscheidt.

Framme frå venstre: Konfirmantane Margrethe Stølen-Stean, Tuva Haugen, Ronja Nyhavnen-Skjeggedal, Nila Christin Strengenes-Berge og Benjamin Nilsen

# *Ukrainakveld på Vonheim bedehus*

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Tirsdag 2.mai arrangerte diakonien og flyktningetenesta Ukraina-kveld på Vonheim bedehus i Bygland. Det vart ein stor suksess med svært godt oppmøte, både av godtfolk frå Bygland og godtfolk frå Ukraina.

Natasja Degtyareva var med som ein eineståande god tolk, og Marianne Haugvik Hodne og Gro Tove Fra-fjord Sandnes frå flyktningetenesta var til stades og kasta glans over arrangementet.

Gro Tove presenterte eit overdådig langbord med tradisjonsmat både frå Noreg og Ukraina. Her var varmmat og kaldmat av beste slag, og så mange dessertar at det mest taut ut øyra då alt dette var vel fortært.

For eigen del er det ingen tvil om at Ukrainas nasjonalrett "Borsch" gjekk av med den gjevaste prisen.

Her er både oksekjøt, poteter, lauk, rødbeter, tomat, paprika og andre godsaker, så dette vert nok middagsretten neste gong ein skal imponera på heimebane.

Det er kome 27 Ukrainske flyktningar til Bygland så langt, og av desse var det berre to som ikkje hadde høve til å koma på Vonheim denne kvelden.

Der var og ein stor flokk Byglendingar, og då det vart arrangert Quiz var det heilt naudsynt med ei salig blanding av Byglendingar og Ukrainianarar for å klara spørsmåla, som vekselvis handla om både norske og Ukrainske emne. To av borda hadde jamvel 10 av 10 rette!



Gilde Byglendingar og Ukrainianarar samla utanfor Vonheim bedehus.

Vår kjære prostidiakon Per Emauelson leia kvelden med stø hand, og hadde mellom anna eit lengre intervju med det Ukrainske ekteparet Natalia og Andri Ktitor. Dei fortalte både om heimlandet sitt, kva dei hadde jobba med der, og om korleis dei trivdes på sin nye heimstad i Noreg. Så langt var det berre godord å høyre. Det gjekk elles klart fram at norsk og ukrainsk tradisjon er dei same på mange område, og når det gjeld kven som har siste ordet. For gong på gong overlet mannen svaret til kona, slik det høver seg både på Bygland og i Odessa.

Ei sterk oppleving var det og då første vers av den norske og Ukrainske nasjonalsongen var sungen med like stor innleiving frå både nasjonar.

Det var Tone Gakkestad som opphaveleg tok initiativ til denne flotte kvelden, og då dette og var siste gong Per Emauelson var med i eigenskap av prostidiakon takka ho han for lang og trufast teneste, og overrekte han ei fin gave laga av Bjarne Nordgarden.

Ei av Ukrainianarane som imponerte sterkt var 27-årige Karyna. Ikkje berre tala ho allereie ganske godt norsk, men fortalte også at ho i tillegg til å følgja norskundervisninga på Evje fleire gonger i veka, hadde skaffa seg tre ulike deltidjobbar slik at ho både fekk arbeidserfaring og praktisert språket. I haustnummeret av Kyrkjebladet kjem eit eige intervju med henne.

Ein får vona at det etterkvart vert fred i Ukraina, slik at flyktningane får venda attende til sitt kjære heimland.

Men i alle høve er det ingen tvil om at dette flotte folket allereie er vorten ein stor ressurs - og i sitt nye heimland Noreg.



Prostidiakon Per Emauelson i samtale med ekteparet Natalia og Andri Ktitor. Natasja Degtyareva til høgre er med som dugande tolk.

# *Med gamlerådmannen til Georgia*

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

I mange år arbeidde kyrkjeverja og gamlerådmannen i Bygland i same bransje.

Eg var økonomisjef i Vennesla kommune, Åsmund Lauvdal i Bygland kommune, og i regi av noko så eksotisk som Agder kommunekasserlag reiste me ofte i lag på kurs og årsmøteturar både i innland og utland.

Så då Åsmund vart pensjonist bestemte me oss for å gjennomføra minst ein årleg tur til reisemål litt utanfor allfarveg, og gjerne i austleg retning.

Dermed vart me med "Leifs reiser" frå Stavanger til Georgia.

Ein marskveld i 1985 gjekk den dåverande Sovjetiske presidenten Mikhail Gorbatsjov og utanriksminister Eduard Sjevardnadse på ein liten kveldspromenade i Baku.

"Me kan ikke fortsetja å leva på denne måten", sa Gorbatsjov til Sjevardnadse.

Perestroikaprosessen og den seinare avvikinga av det gamle kommunistiske Sovjetunionen starta med denne setninga , som skulle forandre heile verda.

Gorbatsjov vert hugsa av dei fleste, men det er kan hende fleire som har gløymd Eduard Sjevardnadse, fødd og oppvaksen i Georgia.

Frå Georgia kom og den tidlegare Sovjetpresidenten Josef Stalin – kan hende ein av dei verste diktatorane verda har sett, og i følge historikarane skuldig i mange tals millionar menneskeliv.


Dette vesle landet ligg aust om Svartehavet og sør om Russland, omkransa av høge fjell, der Sjkhara - det alle høgaste – ragar heile 5.203 meter over havet.



Andre naboar i tillegg til Russland, er Tyrkia, Armenia og Aserbadsjan.

Landet har rundt 3,5 million innbyggjarar, og av dei bur nærmare 1,5 millionar i hovudstaden Tblisi. Mange har i dei siste åra flytta frå regionane Abkhasia og Sør-Ossetia, som no er under Russisk kontroll, og busett seg i andre delar av Georgia – ikkje minst i hovudstaden. Så og Diana, den eine tolken me hadde på tur-en.

Georgia er det vestlege namnet på landet, som på deira eige språk heiter Sakartvelo.



Skriftspråket deira skal vera blant dei eldste i verda, og sjølv meiner dei å ha røtene sine heilt attende til Jafet – ein av sønene til Noah i det gamle testamentet.

Georgia er historisk eit gammalt kristent kongedøme, og innførte som det andre landet i verda (etter Armenia) kristendomen som statsreligion på 300-talet etter Kristus.

For å forhindra at Georgia kom under muslimsk kontroll, var landet lenge ein nær alliert av tsar-Russland, men vart for ei kort tid sjølvstendig i samband med den russiske revolusjonen i 1918. Landet vart i 1921 på nytt invadert av sin store nabo i nord, og var under Sovjetisk kontroll fram til 1991, då det gamle Sovjetunionen vart oppløyst, og Georgia igjen vart sjøvstendig.

Til trass for at landet framleis ber tydeleg preg av Sovjet-kommunismen, er det over alt vekst og utvikling, og Georgia har i dag ei relativt nær tilknytning til både Nato, EU og USA. Samstundes gjer nærliken til Russland at Georgia har ein krevjande balansegang mellom aust og vest. Det tilseier jo og den geografiske plasseringa av dette vesle fjellandet.

Det Georgiske flagget har ein stor raud kross i midten, omkransa av fire mindre krossar, og det store fleirtalet av folket er medlemmar av den Georgisk-ortodokse kyrkja.

Klimaet i låglandet er svært godt, og overalt ser ein fruktbare sletter og åkerland. Landet er kjent for sine gode vinar og sin gode mat, og folket verkar fredelege, venlege og gjestfrie.

På turen, som bokstaveleg tala gjekk over både fjell og dal, var me fleire stader innom store vingardar, og heime hos storfamiliar, der me vart budne på det alle beste av mat og drykk, og med folkedansar og folkesongar som sentrale kulturelle innslag.

Både rådmannen og eg vart einige om av det hadde vore ein gild tur, som langt fleire Byglendingar burde få oppleva – sjølv om reisevegen vart lang, og ein måtte byta – ikkje berre på Grovane, men både i Stavanger, Oslo og Istanbul om ein skulle dra i austerled med Leifs Reiser!



# KONSERT MED THE BROWNS



I samarbeid med

**SKJÆRGÅRDSSANG**



COUNTRY-GOSPELKONSERT  
MED THE BROWNS I BYGLAND KYRKJE  
TYSDAG 15.AUGUST KL.19.00

BILLETTPRIS: KR.250,-

VED INNGANGEN PÅ VIPPS ELLER KONTANT  
ARRANGØR: BYGLAND SOKNERÅD I SAMARBEID  
MED SKJÆRGÅRDSSANG



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

**Gudstenester  
Bygland og Årdal sokn  
Juli 2023–Oktober 2023**

**Facebook:**  
[www.facebook.com/  
Byglandskyrkjene/](https://www.facebook.com/Byglandskyrkjene/)

**Heimesida:**  
[www.kirken.bygland.no](http://www.kirken.bygland.no)

**Søndag 2. juli. 5. søndag i treeiningstida**

Austadneset kl.12.00  
Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Matt 7,15-20. Dei falske profetane  
Takkoffer til Israelsmisjonen  
**Søndag 16. juli. 7. søndag i treeiningstida**  
KVS Bygland kl.11.00  
Familiegudsteneste ved Jostein Janøy  
Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Luk 15,1-10. Den bortkomne sauens Takkoffer til KVS Bygland

**Laurdag 29. juli. Olsok**

Sandnes kapell kl.18.00  
Olsokgudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Joh 12,24-26.  
Jesus talar om at han skal døy  
Takkoffer til Åpne Dører

**Søndag 20. august. 12. søndag i treeiningstida**

Årdal kyrkje, Grendi kl.16.00.  
Gudsteneste ved Hilde Merete Nordhagen  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Matt 6,24-34. Ver ikkje urolege for morgondagen.  
Takkoffer til Misjonsalliansen

**Søndag 3. september. Vingårdssøndag / 14. søndag i treeiningstida**

Bygland kyrkje kl.16.00  
Gudsteneste ved Kristina Grundetjern  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Matt 20,1-16.  
Likninga om arbeidarane i vingarden.  
Takkoffer til Kirkens SOS

**Søndag 17. september. 16. søndag i treeiningstida**

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl.16.00  
Gudsteneste ved Rune Stor-mark  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Mark 7,31-37. Den døve som hadde vondt for å tala  
Takkoffer til Normisjon

**Søndag 15. oktober. 20. søndag i treeinighetstiden**

Årdal kyrkje, Grendi kl.16.00  
Gudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Joh 11,1-5. Jesus vekkjer opp Lasarus  
Takkoffer til Frelsesarmeens

**Søndag 5. november. Minnedag**

Sandnes kyrkje, Åraksbø kl.11.00  
Gudsteneste ved Kjell Steinbru  
Organist: Knut Olav Uppstad  
Preiketekst: Johannes 6,37-40.  
Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort  
Takkoffer til Søndagsskoleforbundet

**ÆTT SKAL FYLGJA**



**Døpte**

Olivia Hovstad Madsen, døypt 23.04.2023 i Årdal kyrkje, Grendi  
Mikkel Borgi, døypt 30.04.2023 i Sandnes kyrkje, Åraksbø  
Johan Nomeland Borgi, døypt 30.04.2023 i Sandnes kyrkje, Åraksbø  
Gunhild Fjernerørs Skomedal, døypt 21.05.2023 i Sandnes kyrkje, Åraksbø.

**Døde**

Ingrid Greibesland, født 31.10.1939, død 10.05.2023

**Friluftsmesse på Austadneset**

Sundag 2. juli kl. 12 er det friluftsgudsteneste på Austadneset, rett sør for Ose bru. Ein kan køyre heilt fram.

Hugs å ta med stol!

Prest denne dagen er Kjell Steinbru, og organist er Knut Olav Uppstad. Etter gudsteneste er det høve til sosialt samvær med mat og drikke som kvar enkel hev med seg. Dersom det er ulageleg ver vert gudstenesta i Sandnes kyrkje.

Hugs også olsokgudstenesta i Sandnes kapell laurdag 29. juli kl. 18. Etter gudstenesta går vi ned til stranda, til ei god kaffirøe før vi dreg heim att.

Vel møtt til fellesskap!  
helsing Knut Gakkestad

# Konsertar i Bygland kyrkje!

## Laurdag 15. juli kl.18.30

Kyrjekonsert med organist Knut Olav Uppstad og saksofonist Randi Steinsholt.  
Det er ei stor oppleving å høre desse to i samspel på høgt musikalsk nivå!  
Her får me høre både salmer og folketonar i fagre Bygland kyrkje på ein strålende sommarkveld!  
Konserten er gratis, og i regi av Bygland bibel- og naturcamp.  
Alle er hjarteg velkomne til grillkveld på KVS Bygland etterpå.

## Tysdag 15. august kl.19.00

Country-gospelkonsert med The Browns.

The Browns kjem frå den vesle byen Le Mars i staten Iowa i USA.  
Her driv dei mellom anna ein stor farm, i tillegg til at dei reiser mykje rundt på turnear – både i USA og i Europa.  
I følge gamlemor Shelly er det stort sett mannen hennar som sjauer på heimebane, medan ho og borna hennar syng og spelar på bortebane.

Gruppa syng southern gospel, irske salmer, tradisjonell gospel og andre kjente kristne songar.

I tillegg til flott kvartettsang spelar dei sjølve gitar og feler, og skaper alltid god stemning på sine konsertar.

Konserten skjer i samarbeid med Skjærgårdssang i Langesund.

Gruppa gjesta Bygland kyrkje for nokre år sia, og samle nesten fullt hus!

Billettpris: kr. 300,- ved inngangen på vippes eller kontant.

## Bygland bibel- og naturcamp 2023!

For 21. året på rad inviterer me til Bibel- og naturcamp på KVS Bygland, denne gongen i perioden 9.-16. juli.

Det vert bibeltimar kl.10.00 ved Asle Hetlebakke, og kveldsmøter kl.19.30 ved Jostein Janøy. Tysdag 11. juli kl.19.30 vert det Aage Samuelsen-kveld med Jostein og Ester Janøy, og torsdag 13. juli kl.19.30. «Salig er glea» med Jostein Janøy.

Fredag 14. juli vert det Misjonsløp kl.12.00, og laurdag kl.16.00 båttur med DS Bjoren, og deretter konsert i Bygland kyrkje ved organist Knut Olav Uppstad og saksofonist Randi Steinsholt – sjå eigen omtale.

Søndag 16. juli kl.11.00 vert det familiegudsteneste ved Jostein Janøy.

Kvar dag kl.10.00 vert det barnemøter med Regine og Julianne Austegard, og bibelsamlingar for ungdommane med Edvard Foss.

Etter bibeltimar og barnemøte vert det mest kvar einast dag utflykter og fjellturar.

Deltakarane på Bygland bibel- og naturcamp kjem i stor grad frå Sørlandet og Vestlandet, men lokale Byglendingar og anna godtfolk er hjarteg velkommen innom eitt eller fleire av arrangementa som pågår denne veka.

## Andakter på Byglandsheimen hausten 2023

### Følgjande tysdager kl.14.00:

- 22.august
- 5.september
- 19.september
- 3.oktober
- 17.oktober
- 31.oktober
- 14.november
- 28.november
- 12.desember

## Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrumsbygningen, Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: ..... 37 93 47 00

Heimeside: [kirken.bygland.no](http://kirken.bygland.no)

### Sokneprest Kjell Steinbru

Telofon: ..... 473 28 472  
E-post: [kjell.steinbru@kirken.bygland.no](mailto:kjell.steinbru@kirken.bygland.no)

### Vikarprest Frode Eikrem

Telofon: 936 76239  
E-post:  
[frode.eikrem@birkenes.kommune.no](mailto:frode.eikrem@birkenes.kommune.no)

### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telofon: ..... 982 99711  
E-post: [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com)

### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: [taksdalmarit@gmail.com](mailto:taksdalmarit@gmail.com)

Nestleiar: Guro Kvaale Skibsrud

Mobil: 913 26596  
[guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no](mailto:guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no)

### Tilsette

#### Organist

Hans Jurgen Wiehe ..... 915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: ..... 400 41041  
Mail: [uppstad@gmail.com](mailto:uppstad@gmail.com)

### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad ..... 948 80 383

### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. ..... 462 39056

### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane ..... 977 74 321

### Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid ..... 462 39 056

### Klokkar, Austad

Svein Kleivane ..... 977 7 4321  
Knut Gakkestad ..... 948 80 383

### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) ..... 975 07034  
Marie Bue (Bygland) ..... 48 210259  
Gro Tove Frafjord Sandnes  
(Sandnes) ..... 950 44185


### Prostidiakon

Per Emanuelsen ..... 977 19173  
Mail: [pe-em@online.no](mailto:pe-em@online.no)

### Trusopplærar Malin Hegenscheidt

Mail: [malin.hegenscheidt@web.de](mailto:malin.hegenscheidt@web.de)  
Mobil: ..... 908 78120

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Reiårsfossen i sommarsol.  
Foto: Olav Nilsen*